

UTTALE TIL NVE FRÅ BREIM BYGDEUTVIKLINGSLAG OM VEG- OG KRAFTUTBYGGING I NYDALEN, FØRDE I JØLSTER

Bakgrunn

Breim Bygdeutviklingslag (BB) er gjennom media blitt merksame på at fylkesmannen har kome med omfattande endringsframlegg til søknad om kraftutbygging i Nydalen i Førde i Jølster. Det er då usikkert om prosjektet kan gjennomførast. Fylkesmannen grunn gav endringsframlegga m.a. med omsyn til reiselivsinteressene i dette området ved sørenden av Breimsvatnet.

BB vart skipa då bygda i 2005 kom i med i fylket sitt 3-årige bygdeutviklingsprosjekt basert på ein prosjektsøknad med ”*Naturbasert reiseliv for alle. Utvikling av ei nasjonal merkevarer*” som hovudmål.

Førde (Førs i daglegtalet og nedanfor) var til den store kommunereformen i 1964 med i Breim kommune. Førs gjekk då til Jølster, medan Breim vart slått saman med Gloppen. Førs er framleis med i Breim vilt- og fiskelag.

Breimsvatnet og områda langs vatnet står sentralt i BB sitt arbeid. *Vi legg i vår modell for utvikling av ”nasjonal merkevarer” vekt på geoturisme og berekraft. Og at også natur- og kulturlandskapet skal omfattast av prinsippet om universell tilrettelegging, vere tilgjengelege for alle.*

Vi har vore i kontakt med NVE, fått sakspapir og høve til å kome med uttale sidan avgjerda her får følgjer for vårt bygdeutviklingsprosjekt.

Hovudsynspunkt frå Breim Bygdeutviklingslag

Frå vår synsstad er ei skånsam kraftutbygging som det her blir lagt opp til kombinert med vegbygging til støyldalen Nydalen ein typisk vinn-vinn-situasjon.

- Ein får næringsutvikling som oppretthald busetnad i grenda, dvs ”1. etasjen” i kulturlandskapet
- Ein hindrar vidare attgroing i ”2. etasjen”, dvs støylsbeltet i kulturlandskapet.
- Bevaring av biologisk mangfald ved at det særeigne kulturlandskapet vert vedlikehalde
- Tilrettelegging aukar bruk; Vegbygginga opnar opp for natur- og kulturopplevingar også for dei mindre spreke, funksjonshemma, barnefamiliar og eldre,
- Viktig med korte turtilbod for tidleg sosialisering til friluftsliv
- Auka opplevingsverdi både for fastbuande og tilreisande
- Utbygginga blir positiv for turistnæringa ved Breimsvatnet
- I eit livsløp gjennomgår ein ulike fasar med sjukdom og handikap. Tilgjenge til natur er ofte viktigast i den livsfasen då ein minst er i stand til å kome seg ut sjølv utan tilrettelegging.
- Førs blir likestilt med nabobygdene ved Breimsvatnet – Kandal, Ryssdal og Årdal – som alle har veg til sine støylyar og alle har bygd eller er i ferd med å bygge kraftverk i stølselvane.
- Den synlege delen av vegen over tregrensa er liten og minskar pga tregrensa går oppover

Vi kan her m.a. vise til nabogrenda Årdalen på austsida av Breimsvatnet der støylen ligg ca 630 m.o.h., om lag som i Førs. Dei positive erfaringane med vegbygging til støylen i sbd med kraftutbygging blir omtala slik i Kulturhistorisk leksikon for Sogn og Fj.:

Tilkomst

I 1982 vart det bygt ei høgspenlinje over området. Då vart det og bygt ein vel 2 km veg opp til støylen og

grunneigarane har vedlikehaldet. No er dette ein bomveg, og frå stølen er merka turløype. Før den tid vart alt frakta på rygg, med reiing (kløyving) eller med slede.Stølen var også viktig til å vere på når dei fine fiskerike vatna og elvane skulle utnyttast. Her er og store jaktvidder. Dette er sjølvsagt like viktig i dag som det var under naturalhushaldet si tid. Folk reiser gjerne på turar til Årdalsstøylen, ikkje minst no når tilkomsten er så lett. Naturen er storfelt og fin. Du kan få fine turar både i dei lågare fjellområda og på fleire fjelltoppar. Her er og råd å finne mykje bær.

BB er difor samd med dei uttaleinstansane som støttar utbyggingsøknaden utan vesentlege endringar.

Fylkesmannen si innstilling bygd på manglande/mangelfull kunnskap

Så vidt vi kan sjå botnar fylkesmannen si meir negative innstilling i mangelfull lokal historie- og kulturkunnskap. Fylkesmannen synest å tru at det er snakk om inngrep i eit nærast inngrepsfritt naturområde, i staden for normale framtidretta tiltak i eit tradisjonelt gammalt kulturlandskap.

Vårt naturbruksprosjekt skal ha eit særleg fokus på ”alle”, dvs universell tilrettelegging også av naturbaserte opplevingstilbod, til trivsel og næring både i folkehelse- og reiselivssamanheng. Vi representerer difor Breim i Gloppen kommune si folkehelsegruppe som er oppretta i sbd med det nasjonale folkehelseprosjektet *Vardar for folkehelse*.

Både i moderne reiseliv og i folkehelsesamanheng er aktiv deltaking i kultur- og naturbaserte opplevingstilbod sentralt. Turistane vil ikkje lenger berre sjå vakkert kultur- og naturlandskap i forbifarten frå eit bilvindaug eller frå ein rasteplass ved vegen. Dei vil sjølve kunne vandre i dette landskapet og gjennom eigenerfaring få djupare opplevingar, kunnskap og haldningar. Dette er mangelfullt drøfta i uttalene frå turlaget og særleg fylkesmannen.

Vi utdjuar difor nedanfor vårt syn fagleg og prinsipielt som grunnlag for at vi har ei meir positivt haldning til kraft- og vegbygging i Nydalen.

Kulturlandskapet – det særeigne norske reiselivsproduktet

Då National Geographic Traveler (2004/3) kåra norske fjordar til verdas vakraste reisemål vart dette beskrive som: *"This place is wonderful: living traditional culture, wonderful landscape, not crowded"*.

Noreg har seinare underteikna National Geographics geoturisme-charter som grunnlag for vidareutvikling av norsk reiseliv. National Geographic Society definerer geoturisme som *"Turisme som ivaretar, forsterker og fremhever et steds lokale egenart - miljø, kultur, estetikk, kulturarv - og som kommer lokalsamfunnet til gode"*.

Konferansen *"Verdiskaping, verdensarven, geoturisme og en videre horisont for norsk reiseliv"* blei arrangert 29.-30. august 2005 på Union Hotell Geiranger. Tema for konferansen var utviklinga av bærekraftig turisme i Noreg, med norske og utanlandske innleiarar.

Eit hovudpunkt i konferanse-oppsummeringa var:

Betydning av å bevare bosetting på reisemålene

Det er dette som gjør det norske kulturlandskap unikt overfor mange andre naturskjønne reisemål i utlandet. Det ble pekt på behovet for et helhetlig syn på reisemålenes utvikling, der reiseliv må samarbeide bedre med andre næringer som skog- og landbruk, matproduksjon, fiske, energisektoren og samferdsel. Reiseliv er ofte en sektor som kan gi ekstra verdiskaping til andre næringer og gi dem vekstpotensial og bærekraft som kan bevare bosettingsmønstre på langs sikt.

Utbygging positivt for turistnæringa ved Breimsvatnet

BB har frå starten i 2005 utarbeidd ein *aktivitetskalender* der båtruta på Breimsvatnet og turar langs dei gamle ferdavegane og støylsvegane ved vatnet står sentralt. Vi har planlagt ein spennande kombinasjonstur: Streif i det gamle kultur- og støylslandskapet frå Myklandsstøylen til Nydalen og ned til Førse. Derifrå med båten tilbake til Kandal. Servering av lokalmat fleire stader på turen (sjå kart nedanfor).

Problemet med denne rundturen er nedstigninga frå Nydalen til Førø. Ein veg i sbd med kraftutbygginga vil gjere turen og opplevinga tilgjengeleg for fleire, og vere svært positivt for reiselivet og båtruta på Breimsvatnet.

Geoturisme og berekraftig reiseliv bygger på det særleine ved staden og skal vere eit gode for lokalsamfunnet og fremje bærekraft på langt sikt.

Vi må difor i utgangspunktet har klart for oss bakgrunnen for busetjing og kulturlandskap her i fylket generelt og Førø spesielt:

Kulturlandskapet i Sogn og Fjordane – eit 1000-årig støyls- og slåttelandskap

Ved første seterteljinga i Noreg i 1907 var det registrert over 10.000 støyler i Sogn og Fjordane. Det var knapt ¼ av alle setrane i landet. Fram til 1939 gjekk talet ned til ca. 7.000, størst nedgang i Sogn (41%), minst i Sunnfjord og Nordfjord (16%). Då reikna ein at 1/3 av all mjølk i dei store mjølkekommunane som Gloppen og Breim vart produsert på støyane, men etter 1960 gjekk det raskt attende med den aktive stølsdrifta (Tvinnereim 1997:27).

Det er truleg mindre kjent at støyane og fjellområda også stod heilt sentralt i produksjonen av vinterfor i støyldrifstida. Vi legg ved omtalen av Ryssdals, Nes/Kandal, Myklands- og Årdalsstøyane, henta frå Kulturhistorisk leksikon for Sogn og Fjordane. Vi viser her til omtalen av Ryssdalsstøyen (515 m.o.h) som var utgangspunkt for ein omfattande utmarksslått opp til dei høgaste fjelltoppane, og som gav over halvparten av vinterforet garden trong.

Førø – ei typisk støyls- og utmarksbrukande bygd med gammalt kulturlandskap

Den store støysteljinga i 1934 skulle og få med dei nedlagde støyane. Fylkesarkivet sitt stølsarkiv har fylgjande opplysningar om Førø (under Breim kommune som Førø då tilhørde):

Namn på garden	Namn på sætri	Bruks nr.	Kva slag sæter	Høgd yver havet
Fyrde	Førøstøyen inni Gamledala	1 - 3	Vanleg støy	280
Fyrde	Nydalen bak Skjorta	1 - 3	?	900
Fyrde	Førøstøyen oppi Nydalsdalen	1 - 3	Vanleg støy	600

Dei to lågastliggande støyane var i bruk. Om støyen i *Nydalen bak Skjorta* seier nedskrivaren: *"Denne støyen er eg ikkje viss på. Vart nedlagd for 2 mannsaldrar sidan. "Det vart for lanngt å bera mjølka." Hamnen vert no nytta av turre beist."*

På fylkesatlas (nedanfor) er denne støyen kartfesta ved Tverrlivatnet, der grunneigarane i Førø saman med Jølster sau- og geiteavlslag no har ei sanke, jakt- og fiskehytte.


Førø viser den typiske støysskipnaden i vårt område, med støyler i ulik høgd for å nytte alle deler av området. Dei lågastliggane vårstøyane vart i moderne tid gjerne ein del av innmarka, oppdyrka eller oppgjødsla til kulturbeite. Dei høgstliggande og mest tungdrivne vart først nedlagde, gjerne som her erstatta med enkle sanke, jakt og fiskehytter. Som det går fram av omtalen av grannestøyen Myklandsstøyen har ein der ein liknande gamalstøy 800 m.o.h. som er erstatta sameleis.

Generelt i Gloppen og Breim låg busetnaden opptil 300 m.o.h, støylsbeltet 300-900 m (variasjon i Gloppen 150-1100m). I og med at dei lågastliggande og høgastliggande støyane vart først nedlagde, ligg det "moderne" støylsbeltet i 400-800 m høgd.

Bygdeboka for Gloppen og Breim oppjev for Breim sin del at det var gardane i Kandal og Førø som haust størst del av vinterforet – 40-50% - i utmarka (Sandal 1979: Band II 254-255). *Å karakterisere utmarka på vestsida av Breimsvatnet som inngrepsfritt område blir difor uhistorisk.*

Ser vi på kartet nedanfor som er henta frå Fylkesatlas, ser vi at støylane på vestsida av Breimsvatnet ligg om lag på line parallelt med vatnet i 400-600 m høgd, i dalane bak dei dominerande fjella Ryssdalshornet og Skjorta.

Førstøylen i Nydalen ligg *narare* vatnet enn grannestøylane på vest- og austsida; Myklands-Kandals/Nes-Årdalsstøylane som alt har bilveg til støyls. Veg til Førstøylen vil såleis ikkje kunne seiast å bryte med landsskapsbiletet ved vatnet. *Å la vere å bygge veg vil vere det drastiske inngrepet*, forskjellsbehandling av Før i høve til dei andre grendene ved vatnet. Særleg i ein situasjon der vegen er økonomisk sjølvfinansierende og grunneigarane er samde.



Veg som føresetnad for utvikling og vedlikehald av verdfullt kulturlandskap

Strategi- og handlingsplan 2003-2006 for arbeidet med kulturlandskapet i Sogn og Fj er utarbeidd av ei brei kompetansegruppe. Planen inneheld 50 særleg verdfulle kulturlandskap, fordelt på alle kommunane i fylket. Eitt av desse er støyane i Kandalen, grannestøyane til Førstøylen på vestsida (merka med sirklar som regionalt verdfullt kulturlandskap ovanfor).

Som det går fram av vedlagde omtale frå Kulturhistorisk leksikon skuldast dette at desse støyane tidleg fekk veg. Myklandstøyen i 1940 som den første i kommunen, om ein ser vekk frå støyane ved riksvegen gjennom Våtedalen. *Veg er ein føresetnad* for utvikling og oppretthalding av eit verdfullt kulturlandskap, *ikkje eit hinder*.

Alle desse støyane på vestsida av Breimsvatnet har no bilveg, og dei fleste andre støyane i Gloppen har anten traktor eller bilveg. Bilveg er det og til Årdalsstøyen 630 m.o.h., nabogrenda til Førstøylen på austsida av vatnet, som resultat av tidlegare kraftutbygging der, som sitert ovanfor.

Vegbygging til Førstøylen i Nydalen vil såleis vere heilt naturleg ut frå bruk og "byggeskikk" i kulturlandskapet rundt Breimsvatnet. Jf. kart ovanfor.

Vi ser då på støylsvegen i friluftslivsamanheng som *den korte turvegen*:

Friluftsliv – tidleg sosialisering via den korte turen

BB meiner ein i drøfting av friluftsliv i høve til kraft- og vegbygging må skilje mellom innverknad på sosialisering til friluftsliv via den korte og den lange turen.

Vi viser her til nyleg fylkeskonferanse i Førde om *Friluftsliv, livskvalitet og psykisk helse* og foredraget *Den gode turen – eit forskingsprosjekt* ved Odd Inge Vistad, NINA. Hovudpunkta han fann er i samsvar med andre undersøkingar og våre erfaringar:

Eitt grunnmønster er meir eintydig enn noko anna i materialet:

• ***Grunnlaget vart lagt i barndommen, dei fyrste tur- eller naturerfaringane kom tidleg.***

Det er to typar tur (dvs. eigen innsats) som – på kvart sitt vis – ser ut til å byggje ei livsviktig bru mellom behov og utbytte:

• ***Den korte, heimenære turen – kvar dagsturen***

• ***Den lange turen – oftast i fjellet – som "går" over fleire dagar.***

Desse to formene for tur både utfyller og kontrasterer kvarandre i høve til eigen livskvalitet og eigen kvardag:

• ***Den vesle turen*** – gjerne fleire gonger i veka små påfyll til *trivsel og indre "harmoni"* i kvardagen

• ***Den lange turen*** byggjer på det same behovet, men "grip djupare".

Når kvardagane har blitt "for mange", når det som tærer lenge har hatt overtaket på det som nærer, så trengst det kraftigare "medisin".

Langturen kan vere slik medisin – den fungerer som ein viktig kontrast til kvardagen.

BB si erfaring er at i vårt område står dei korte turane gard-støyl og støyl-støyl heilt sentralt i sosialisering til friluftsliv og når det gjeld å gje dei små nødvendige påfylla i kvardagen.

Bygging av støylsveg i Førstøylen vil vere eit positivt tilskott til denne typen friluftsturar i vårt område.

Målet må vere at dei små turane også gjev lyst til og føresetnad for dei lange turane.

Samtidig som ein må vere klar over at ***det som er små turar for enkelte er dei lange livsviktige turane for andre!***

Estetikk og universell utforming

Fylkesmannen går i si høyringsfråsegn mot vegbygging ut frå ein estetisk dimensjon: Litt av vegen vil kome over tregrensa og bli stygt synleg og skadeleg for turisttrafikken. I Breim har vi hatt ein liknande diskusjon om vegbygging over tregrensa i og med at det siste åra er bygd vegar på begge sider av riksvegen over Utvikfjellet til støylar 600-800 m.o.h. Erfaringane her er at desse ”stygge” vegane er blitt det mest brukt ”idrettsanlegget” i Breim. I alle fall når det gjeld barnefamiliar, eldre og andre som ikkje kan gå på smale stiar i vanleg naturterreng, og mykje turistar. Ein annan grunn fantastisk fin utsikt. Problemet er no snarare at skoggrensa er på veg oppover, slik at ein er redd for å miste utsikta om nokre år!

Det går fram av rapporten om biologisk mangfald i Nydalen at skoggrensa her er 600 m.o.h. Det blir såleis uansett ein liten del av vegen over skoggrensa. Så vidt vi kan sjå av terrengforma blir den her lite synleg, og med stigande skoggrense i framtida nærast usynleg.

Einkvar veg blir i starten eit sår i landskapet. Men vi har i Gloppen lang erfaring som viser at vegane etter kvart ”veks seg inn i landskapet” att, ved hjelp av naturleg vegetasjonsutvikling og omtanke i planlegging av vegane. *Etter vårt syn kan ikkje det estetiske avstandsargumentet vere til hinder for at kulturlandskapet skal kunne vedlikehaldas og vidareutviklast og for at alle skal få oppleve det.* Ein må sjølvstekt ta estetiske omsyn og gjere synlege inngrep så små som råd er.

Vi meiner dette går fram av både av retningslinjer frå styresmaktene og forskingsresultat:

Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning har t.d. nyleg laga eit felles strategidokument for landskapsforvaltning der målet er å utvikle ei landskapsforvaltning der:

- ”Landskap forvaltes og vidareutvikles slik at landskapsbilde, naturmiljø og kulturmiljø med økologiske og kulturhistoriske sammenhenger ivaretas”
- *Helhetsvurderingar av disse sammenhengene og landskapets særpreg ligger til grunn ved nasjonale, regionale og lokale beslutninger som påvirker landskapet.*
- *Mangfoldet av landskapstyper blir ivaretatt også i et langsiktig perspektiv.*

Riksantikvaren har og utforma ein *Strategi for universell utforming og kulturminne 2007-2010* der måla m.a. er:

Forvaltning av verdensarvområdene

Mål: Den norske verdensarven er, i den grad dette er mulig og forsvarlig i forhold til deres unike verneverdi, tilgjengelig for alle.

Verdiskapingsprogrammet

Mål: De sentrale aktører i pilotprosjektene har en høy bevissthet om universell utforming i planlegging og realisering av tiltak i prosjektene, når det gjelder fysisk tilgjengelighet, informasjon og utvikling av opplevelser og tjenestetilbud.

I våre kulturlandskap er støylane og støylslandskapa og støylsvegane dei sentrale kulturminna. Vi meiner at utan tilgjenge til støylane med skikkeleg veg blir formuleringane ovanfor som at ”Landskap forvaltes og vidareutvikles slik at landskapsbilde, naturmiljø og kulturmiljø med økologiske og kulturhistoriske sammenhenger ivaretas”, om universelt tilgjenge og verdiskaping ved utvikling av opplevingar og tenestetilbud - meiningslause!

Nettstaden www.naturarv.no seier det krystallklårt: ”De fleste verneområdene er imidlertid påvirket av tidligere høsting av naturen. Dette er kulturbetinget natur skapt ved staving, beiting og slått....I slike områder er nærvær av menneskelig aktivitet en forutsetning for å ivareta verneverdiene. Å verne kulturbetinget natur uten skjøtselstiltak er som å frede et hus uten vedlikehold.”

Leiande forskarar hevdar det same: *Hvem har ansvaret for verdensarven?* skreiv forskingssjef Norderhaug og to andre forskarar ved Bioforsk i haust, med utgangspunkt i gjengroinga av verdsarvområdet Geiranger (vedlagt):

Geiranger og mange andre bygdesamfunn, ikke minst på Vestlandet og i Nord-Norge, har langt mer enn lokal eller regional betydning. ...

Å ivareta kulturlandskapet er å bruke det på kulturlandskapets premisser slik at man ivaretar ressursene også for framtidig næringsutvikling...'

Bruken av kulturlandskapet må fortsette hvis man skal klare å holde det i hevd og man må være klar over at "ikke-bruk" også er en form for ukritisk forvaltning av kulturlandskapet som vil redusere dets verdi.

Når det gjeld universell tilrettelegging av friluftsområde og turvegar viser vi til Direktoratet for naturforvaltning. Dei har mange gode tips når det gjeld konkret tilpassing både til funksjonshemma og personar med nedsett funksjonsevne. Direktoratet peikar og på at *"I friluftslivsområder der det ikke er mulig å tilrettelegge for rullestolsbrukere, kan det likevel være mulig å gi området en høyere grad av tilgjengelighet."*

Dette vil og gjere området betre eigna for turistar, om ein i tillegg syter for at informasjonstavler og annan områdeinformasjon på fleire språk.

Kraftutbygging og verknader for landbruk og biologisk mangfald

Fylkesmannen går i si høyringsfråsegn kun inn i *det vesle perspektiv*, på nokre få raudlisteartar, og avgrensar si drøfting av konsekvensane for landbruket med ei enkel setning om at utbygging ikkje vil ha ulemper for landbruket.

Forskarane ved Bioforsk er derimot opptekne av *det store perspektiv*, den dramatiske totalutviklinga for små bygdasamfunn og konsekvensen for *det samla biologiske mangfaldet*:

I en rapport om truede vegetasjonstyper i Norge fra 2001 (Fremstad og Moen) fremholdes det at de norske vegetasjons- og naturtypene preget av tradisjonell jordbruksdrift er særlig verdifulle også i en internasjonal sammenheng, nettopp fordi Norge er så langstrakt og variert.

Det er primærnæringene, først og fremst landbruket, som gjennom aktiv drift opprettholder kulturarven og det åpne landskapet og som får turister og andre til å stille spørsmålet: "er det mulig å leve av dette?"

Dagens utvikling med bønder som gir opp husdyrbruket slik som i Geiranger vil få store konsekvenser både for landskapet som gror igjen, for de biologiske verdiene Norge har ansvar for å forvalte og for de spesielle natur- og kulturopplevelsene turistene søker.

Turen med turistruta MB Breim i sørenden av Breimsvatnet er som ein innlandsk versjon av Geirangerfjorden. Du har Skjorta 1400 m rett opp med snødekkta topp, små og store bekker som renn nedover. Og nede ved foten av fjellet grøne vegetasjonsbelte der sau og geit frå nabobygdene Kandal og Førs beiter. Å stige i land i Førs er som å kome i ei anna verd. Irrgrønt velhalde kulturlandskap med snødekte fjell rett opp.

Dette landskapsbiletet er no sterkt truga. Det er berre å sjå på fylkesmannen si heimeside når det gjeld kva som er i ferd med å skje med denne typen turistperler: 23.02.2007 er overskrifta ***Kvar tredje bonde slutta på 10 år:***

- Sogn og Fjordane har mista 1925 bønder på 10 år. Tala viser at vi no berre har att vel 3500 gardsbruk i aktiv drift.

Vi treng å støtte opp under og hjelpe fram dei bøndene vi har att. Bonden gjer ein viktig jobb som matprodusent, kulturlandskapspleiar og kulturformidlar. På mange måtar er det bonden som forvaltar kulturarven vår og som sikrar ressursgrunnlaget for komande generasjonar.

Andre overskrifter på fylkesmannen.no fokuserer på nedgang og vanskeleg økonomi når det gjeld sau og geit og dramatiske konsekvensar for kulturlandskapet når desse uerstattelege landskapspleiarane blir borte.

Ein del av nedgangen skuldast nye krav til dyrevelferd med store økonomiske konsekvensar. Det mest drastiske er krav om lausdrift for alle i eit fylke der 94% av bøndene hadde båsfjøs ifylgje den stor landbruksteljinga i 1999.

Skal små bruk som i Førs overleve, er dei difor heilt avhengige av å kunne nytte heile naturgrunnlaget, både i form av kraftutbygging, og veg som mogeleggjjer betre utnytting av ressursane i det tradisjonelle støyls- og haustingslandskapet.

Oppsummering og prinsipielle synspunkt ved kraft- og vegbygging i kulturlandskapet

- Den gode vilje: ”Det arbeides med å finne muligheter for å bevege seg i kulturminneområdene og med å gjøre dem mest mulig forståelig for alle ”(Riksantikvaren sin strategi for universell utforming og kulturminne 2007-2010)
- Og røyndommen i det offentlege rommet: ”Og med stigende, sjokkert forundring spurte jeg meg selv hvor er de alle sammen? Ifølge Norges handikapforbund er antallet funksjonshemmede i landet rundt 800.000. ...Årsaken er brutal og åpenbar: Det offentlige rom er ikke for dem” (Waage: **(Rettighet og verdighet** Foredrag under konferansen «Universell utforming av kulturminner — et paradoks?» Voksenåsen 20/3 2007)
- Og riksrevisjonens dom: Manglende evne til å omsette høye miljøambisjoner til konkrete tiltak har så langt preget myndighetenes arbeid med å kartlegge og overvåke biologisk mangfold og forvaltningen av verneområdene. Opptil 30 prosent av verneområdene er i dag truet, og det er mangler ved forvaltningen av disse områdene.(Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes arbeid med kartlegging og overvåking av biologisk mangfold og forvaltning av verneområder, Dokument nr. 3:12 (2005–2006))

Uttalene til fylkesmannen og turlaget kan gje inntrykk av at Nydalen i Først og området rundt er ei så eineståande naturperle at funksjonshemma *ikkje* må få lov å ferdast der. At slike naturperlene kun er til for dei ressurssterke spreke og gangføre.

Offentleg politikk her er klar som det går fram av saksutgreiinga i sbd med Sogn og Fjordane fylkeskommune sin *Handlingplan for auka tilgjenge for alle – universell utforming*:

Personar med nedsett funksjonsevne famnar m.a. om mange eldre menneske, og er ei veksande gruppe. Det er ei utfordring å tileigne seg auka kunnskap om denne målgruppa og kva for ønskjer og behov dei har, både når det gjeld fysisk tilrettelegging og aktivitetar. Vi treng kunnskap om universell utforming generelt og om statlege satsingar og krav. Det er behov for ein gjennomgåande, heilskapleg tenking for å betra tilrettelegginga slik at flest mogleg kan delta. Det er ei utfordring å få til eit samarbeid på tvers av etatar, organisasjonar og private næringar for å få til eit samarbeid for felles satsing. Funksjonshemma sine organisasjonar representerar store brukargrupper og dei har ein kompetanse som er viktig å få del i og som må takast med i eit breiare samarbeid på tvers.(Sogn og Fj fylkeskommune; Handlingsplan for auka tilgjenge for alle - universell utforming. Sak nr.: 06/3469-5)

Vi beklagar at fylkesmannen i sin uttale ikkje har tatt opp desse problemstillingane. Vi meiner dei funksjonshemma sine organisasjonar og deira kompetanse må trekkast inn som uttalepartar i slike saker.

Medlemmene i Breim Bygdeutviklingslag brukar ei mengd skogs- og støylsvegar. Vi ser at det er svært varierende praksis når det gjeld informasjonstavler, rasteplassar osv. og likeeins når det gjeld tilrettelegging for funksjonshemma.

I Først gjeld det bygging av betre veg frå bygda til den tradisjonelle støylen/støylsdalen. Vi meiner slike vegar er og bør utformast som natur- og kulturstiar. Med stor vekt på informasjonstavler på høveleg stader om geologi, historie, natur, dyr, plantar osv. Ved slutten av ”den breie veg” bør det vere god ”lokkande” informasjon om tur- og opplevingsmulegheitene vidare langs ”den smale sti”. *Legg ein inn omsyn til tilgjenge og universell utforming i planleggingsfasen, blir kostnaden liten mot å måtte ta tilrettelegginga att som ekstraarbeid i ettertid.*

Vi finn og fylkesmannen si finreikning på reduksjon av inngrepsfritt område heilt meningslaus! Det er ikkje snakka om å lage eit gammaldags stort reguleringsmagasin som set eit heilt støylsområde under vatn. Litt oppdemming av ein bekk eller eit lite vatn har vore gjort i fjellheimen i alle tider!

Vi som er 50+ i dag har kunnskap frå foreldre og beste- og oldeforeldre som vaks opp på slutten av 1800-talet/først på 1900-talet. Dei var frå barnsbein med i utmarksutnyttinga både

med slått og gjeting bokstaveleg talt så høgt som det fanst grønne strå - utan kunstige områdeavgrensingar.

Vi laga vårt kart ovanfor med den avanserte kartløyninga i fylkesatlas. Vi såg samtidig på ulike ”moderne” forslag til vernegrenser og inngrepsfrie område mm. Men i ein større kulturhistorisk samanheng blir slike freistnader på grensedragingar som kolonimaktene sine grensedragingar i Afrika: Heilt eller delvis vilkårlege ut frå fortidas faktiske bruk og ut frå kven som brukte dei – og opphav til strid i ettertid.

I stor grad er det høgd over havet som har bestemt den menneskelege bruken av naturen og dermed forma kulturlandskapet vi ser i dag. På våre kantar kan vi eksemplifisere dette med ein enkel analogi med eit hus:

- 1.etasjen, bygda, den faste busetnaden opptil 300-400 m.o.h
- 2. etasjen, det faste støylsbeltet, frå 300-400 opptil 800-900 m.o.h. med dagens støylar i drift og/eller vedlikehaldne, restar av støylar som har vore i drift siste 100 åra
- Loftsetasjen, frå om lag 800-900 til 1100-1200 m.o.h: Nederst enkelte støylar eller restar av støylar, ofte erstatta av enkle jakt, fiske- og sankehytter som vi og finn elles i denne ”etasjen”, men langt færre og meir spreidde enn i ”2.etasjen”.
- Taket, frå 1100-1200 m og oppover til 1400-1800 m: Mindre brukt, lite kulturminne

Norsk samfunnsdebatt har fokusert på universell utforming og tilgjenge for alle i ”1.etasjen”. Som vi har vist ovanfor er det aukande fokus på tilgjenge for alle vidare oppover i ”det norske natur-huset”.

På same måten som det no er samfunnsmessig akseptert at 2.etasjen både i private hus og offentlege bygningar ved hjelp av tilpassa trapper og heisar skal vere tilgjengeleg for alle, meiner vi ”2.etasjen” også i ”landskapets natur- og kulturhus” no må gjerast tilgjengeleg for alle med tilpassa veg- og andre løysingar. I første rekke må ein prioritere tilgjenge til støylsbeltet sidan støylane og støylsområda har rikaste kultur- og naturverdiane i denne ”etasjen”.

I prinsippet kan heller ikkje funksjonshemma nektast tilgjenge til ”Loftsetasjen” og ”Taket”. Men her må det prinsipielle i større grad vurderast opp mot økonomi og fare for skade på dei ”bærande naturkonstruksjonane” sidan naturinngrepa her gjerne blir større for å sikre tilgjenge.

Når det gjeld kraft- og vegutbygging i Nydalen gjeld det tvillaust ”2.etasjen”. **Prinsipielt og ut frå gjennomgang av veg- og kraftutbygging i nabobygdene ved Breimsvatnet bør det ikkje vere diskusjonsgrunnlag: Grunneigarane i Først må få løyve som omsøkt.**

Vi vonar med vår uttale å oppklare mistydingar og utfylle totalbiletet ut frå målsetjing om auka bruk ved tilrettelegging for alle, gode opplevingar og betre kunnskapar. Og gjennom dette skape holdningar hjå barn og unge slik at vårt fjell- og fjordlandskap også i framtida kan kome på toppen i ”verdsarv”-kåringar av velhaldne kulturlandskap og bidra positivt både når det gjeld trivsel og næring.

Med helsing
Breim Bygdeutviklingslag
Reiel Felde
(leiar)

Ola Bergheim
(skrivar BB, leiar i Breim vilt- og fiskelag)

Referansar

Vedlagt som sentrale kjelder artiklane frå kulturhistorisk leksikon om liknande støylar ved Breimsvatnet og forskarartikkelen *Hvem har ansvaret for verdensarven*.

Når det gjeld reiseliv er referansane henta frå Innovasjon Noreg sine sider. Sitata elles også frå nettsider, med unntak av:

Tvinnereim, Jon: *Seterdrift i Nordfjord. Frå full drift til nedlegging*. Arbeidsrapport nr. 40. Høgskulen i Volda/Møreforskning Volda, 1997.

Sandal, Per: *Soga om Gloppen og Breim. Band II*. Utgjeve av Gloppens Sparebank, 1979.

Vi har oppgjeve direkte kjeldereferansar i ein del av sitata og reiknar resten er så enkle å finne at vi ikkje finn det naudsynt å lage ei formell fullstendig litteraturliste her.

Er det tvil om kjeldebakgrunn ber vi om å bli kontakta.